



ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for
Åmli kommune

Vedteke i kommunestyret 21.09.2017, sak K 17/174

INNHALD:

1	Finansreglementet sitt virkeområde.....	3
1.1	<i>Føremålet med reglementet</i>	3
1.2	<i>Kven reglementet gjeld for.....</i>	3
2	Heimel og gyldigheit	3
2.1	<i>Heimel</i>	3
2.2	<i>Gyldigheit.....</i>	3
3	Forvaltning og forvaltningstyper	3
4	Formålet med kommunen si finansforvaltning.....	4
5	Generelle rammer og avgrensingar	4
6	Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål.....	5
6.1	<i>Innskot i bank</i>	5
6.2	<i>Andelar i pengemarknadsfond.....</i>	5
6.3	<i>Direkte eige av verdipapir.....</i>	5
6.4	<i>Felles plasseringsbegrensingar</i>	6
6.5	<i>Rapportering.....</i>	6
7	Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølgje og andre finansieringsavtalar	6
7.1	<i>Vedtak om opptak av lån</i>	6
7.2	<i>Val av låneinstrument</i>	6
7.3	<i>Tidspunkt for låneopptak</i>	7
7.4	<i>Konkurrerende tilbod</i>	7
7.5	<i>Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument.....</i>	7
7.6	<i>Storleiken på enkeltlån – spreining av låneopptak.....</i>	7
7.7	<i>Rapportering.....</i>	7
8	Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva	8
8.1	<i>Formål</i>	8
8.2	<i>Investeringsrammer</i>	8
8.3	<i>Etiske retningslinjer.....</i>	8
9	Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko.....	8
9.1	<i>Konstatering av avvik.....</i>	8
9.2	<i>Kvalitetssikring.....</i>	8
10	Vedlegg - Forklaring av enkelte ord og uttrykk	9

1 Finansreglementet sitt virkeområde

1.1 Føremålet med reglementet

Reglementet skal gi rammer og retningslinjer for kommunen si finansforvaltning. Reglementet utgjør ein samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld, og underliggjande fullmakter/instruksar/rutinar skal heimlast i reglementet. Reglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar berekna for driftsformål, opptak av lån/gjeldsforvaltning og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjelder for Åmli kommune. Reglementet gjeld og for verksemd i kommunale foretak etter kommunelova kapittel 11 og interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27.

I den grad desse verksemdene har eigen finansforvaltning skal denne utøvast i tråd med dette reglementet, eller i tilfellet med interkommunalt samarbeid, etter eit finansreglement som er godkjent av kommunestyret.

2 Heimel og gyldigheit

2.1 Heimel

Dette reglementet er utarbeida på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 52.
- Forskrift om kommunars og fylkeskommunars finansforvaltning fastsett av 9. juni 2009 (FOR 2009-06-09 nr 635 med siste endring FOR-2016-11-01-1428 frå 01.01.2017)

2.2 Gyldigheit

- Reglementet trer i kraft frå og med vedtaksdato. Finans- og gjeldsforvaltningreglementet skal vedtakast minst ei gong i kvar kommunestyreperiode.
- Dette reglementet erstattar alle tidligare reglar og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedteke for Åmli kommune si finans – og gjeldsforvaltning.

3 Forvaltning og forvaltningstyper

I samsvar med bestemmelsane i forskrifta om kommunars og fylkeskommunars finansforvaltning skal reglementet omfatte forvaltninga av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (rentebærande gjeld). Gjennom dette finansreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål.
- Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og øvrige finansieringsavtalar.
- Plassering og forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva.

4 Formålet med kommunen si finansforvaltning

Finansforvaltninga har som overordna mål å sikre ei rimeleg avkastning samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer.

Dette vert søkt oppnådd gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrettigheit) til å dekke løpande plikter.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei tilfredsstillande avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, der det vert teke omsyn til tidsperspektiv på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, der det vert teke omsyn til behov for å sei noko om framtida i lånekostnader.
- Dersom kommunen har langsiktige finansielle aktiva, skal forvaltninga av desse gi ein god langsiktig avkastning utan vesentleg finansiell risiko.

5 Generelle rammer og avgrensingar

- Kommunestyret skal sjølv gjennom fastsetting av dette finansreglementet gjennom rapporteringa , ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentlig finansiell risiko, jfr. kommunelovas §52.
- Reglementet skal baserast på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle marknader og instrument.
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltninga, også kva som regnast som langsiktige finansielle aktiva. Rådmannen har sjølvstendig plikt til å utrede og legge fram saker for kommunestyret som vert å sjå på som prinsipielle.
- Rådmannen skal fortløpande vurdere reglementet sine ulike rammer og avgrensingar, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltninga vert utført forsvarleg i høve til dei risikoar kommunen er eksponert for.
- Det er rådmannen si oppgåve å inngå avtalar i tråd med dette reglementet.
- Det er rådmannen si oppgåve, med heimel i dette finansreglement, å utarbeide nødvendige fullmakter/instruksar/rutinar for dei einskilde forvaltningsformene som er i tråd med kommunen sine overordna økonomibestemmelsar.
- Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillate brukt gjennom dette reglementet, kan ikkje nyttast i kommunen si finansforvaltning.

Plassering av Åmli kommune sine midlar skal berre skje i norske bankar som er medlem av bankenes sikringsfond.

Konkrete rammer for forvaltning av kommunen sine midlar til driftsformål (inkl. ledig likviditet), gjeldsportefølja og langsiktige finansielle aktiva vert omtala seinare i reglementet kvar for seg.

Dei avgrensingar som ligg i dette finansreglementet tilseier at kommunen ikkje vert utsett for vesentlig finansiell risiko. Med vesentlig finansiell risiko meinast ein situasjon der kommunen sine potensielle økonomiske tap vil kunne påverke kommunen sitt tenestetilbod.

Plassering av Åmli kommune sine midlar i verdipapir, skal skje i tråd med etiske kriteriar. Kriteriane er omtala under plassering av langsiktige finansielle aktiva, pkt 8.3. Så langt det er praktisk mogleg skal desse kriteriane også gjelde for plassering i verdipapirfond.

6 Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål

Kommunen sine midlar til driftsføremål (her også ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og rentebærande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Kommunen kan inngå rammeavtale for å ivareta det løpande behovet for banktenester. Ved val av hovudbank stillast det krav om minimum internasjonal kreditt-rating A- BBB+ eller tilsvarande kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrettighet.

Kommunen sin driftslikviditet skal plasserast i kommunen sin hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre spare- eller forretningsbankar.

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål, utover kva som trengs til dekning av kommunen sine løpande plikter fråtrukket estimerte innbetalingar dei næraste 3 månader, kan plasserast etter følgjande retningslinjer:

6.1 Innskot i bank

For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:

- a) Tids- og/eller rentebinding kan ikkje avtalast for ein periode på meir enn 6 månader.
- b) Eit enkelt innskot med tids- og/eller rentebinding kan ikkje utgjere meir enn NOK 5 mill.

6.2 Andelar i pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følgjande:

- a) Midlar kan berre plasserast i fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning.
- b) Det skal berre plasserast i fond med løpetid kortare enn 12 månader.
- c) Fondet kan kun investere i papir der utgiver eller papiret sjølv har ein rating på minimum BBB- (Investment Grade)
- d) Ansvarleg lån frå finans kan utgjere inntil 15 % av portefølja, og finansinstitusjonane skal ha ein rating på minimum BBB+.
- e) Det skal ikkje være begrensingar på uttaksrenta i fonda som vert nytta, og midla skal alltid være tilgjengelege på få dagar.
- f) Samla gjennomsnittleg løpetid for kreditten (kreditt-durasjonen) i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 1 år.

6.3 Direkte eige av verdipapir

For direkte eige av rentebærande papir gjeld følgjande:

- a) Det skal berre plasserast i rentebærande papir med kortare løpetid enn 12 månader til endeleg forfall.
- b) Ingen enkeltpapir skal ha lågare kreditt-rating enn BBB- ("investment grade") på investeringstidspunktet, eller vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.
- c) Papira kan ha inntil 20% BIS-vekt, og kan bestå av:
 - Rentebærande papir utstedt eller garantert av den norske stat.
 - Rentebærande papir utstedt eller garantert av norske statsforetak.
 - Rentebærande papir utstedt eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.
 - Rentebærande papir i form av "senior" sertifikat – og obligasjonslån, utstedt eller garantert av norske bankar eller kredittinstitusjonar.

- d) Det kan ikkje plasserast midlar direkte i industriobligasjonar, ansvarleg lånekapital, fondsobligasjonar, grunnfondsbevis/eigenkapitalbevis eller aksjar.
- e) Ingen enkeltplassing i rentebærande papir kan utgjere meir enn 5 mill. Unntatt frå denne begrensinga er plasseringar i statspapir.

6.4 Felles plasseringsbegrensingar

- Kommunen sine samla innskot i bank/kredittinstitusjon (inkl. direkte eige av verdipapir utstedt eller garantert av institusjonen) skal ikkje overstige 2% av institusjonen sin forvaltningskapital.
- Kommunen sin eigarandel i eit pengemarknadsfond skal ikkje overstige 5% av fondet sin forvaltningskapital.

6.5 Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august, legge fram rapportar for kommunestyret som visar status for forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang legge fram ein rapport for kommunestyret som visar utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal angi følgjande:

- Samansetning, avkastning og betingelsar på plasseringane, samt referanseavkastning.
- Rådmannen sine kommentarar knytta til samansetning, rentebetingelsar/avkastning, vesentlege markedsendingar og endring i risikoeksponering.
- Rådmannen si beskriving og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

7 Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølgje og andre finansieringsavtalar

7.1 Vedtak om opptak av lån

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Slike vedtak skal som minimum angi:

- Lånebeløp
- Nedbetalingstid

Med utgangspunkt i kommunestyrets vedtak skal det gjennomførast låneopptak, herunder godkjenning av lånevilkår, og for øvrig forvaltning av kommunen sine innlån etter dei retningslinjer som går fram av dette reglementet, og i tråd med bestemmelsane i Kommuneleovens § 50 om låneopptak.

Det kan og takast opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld innanfor gamle lån si vekt gjenstående løpetid.

7.2 Val av låneinstrument

Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

Lån skal takast opp som direkte lån i offentlege eller private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Det er også høve til å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån). Låneopptak i Husbanken for vidare utlån som formidlingslån/etableringslån/startlån kan takast opp som annuitetslån.

Finansiering kan og skje gjennom finansiell leasing.

7.3 Tidspunkt for låneopptak

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadshøve.

7.4 Konkurrerande tilbod

Låneopptak skal søkast gjennomført til marknadens gunstigaste betingelsar. Gjeldande reglar for offentlege anskaffelsar skal følgjast. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. formidlingslån/etableringslån/startlån i Husbanken). Vidare kan prinsippet fråvikast ved samanslåing av fleire eksisterande lån hos same lånegjevar.

7.5 Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneportefølja skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i høve til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ønskje om forutsigbarhet og stabilitet i lånekostnader.

Forvaltninga skal leggast opp i høve til følgjande;

- a) Risikoen ved refinansiering skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall.
- b) Minimum 20 % og maksimum 60 % av gjeldsportefølja skal ha fastrente.
- c) Andelen av gjeldsportefølja som har fastrente, bør fordelast i eit til 10 års segmentet på ein slik måte at kommunen får lågast mogleg risiko ved refinansiering. Maksimal rentebindingstid er 10 år.

For å oppnå ønska rentebinding, vert det gjeve høve til å ta i bruk framtidige renteavtalar (FRA) og rentebytteavtalar (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast til det formål å endre renteeksponeringa for kommunen si lånegjeld. Forutsetningane for å gå inn i slike kontraktar skal vere ut frå ei totalvurdering av forventninga om utviklinga i renta samt samansetninga av risikoprofil på eit tidspunkt tilseier at slik endring er ønskeleg.

Det er ikkje tillatt å lausrive derivathandelen frå den øvrige finansforvaltninga, og berekningar under punkt b) skal inkludere FRA- og SWAP-kontraktar. Føremålet bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knyttast til underliggende lån eller låneportefølje. Det skal kun nyttast større bankar med brei dokumentert erfaring innanfor dette området som motpart ved slike kontraktar.

7.6 Storleiken på enkeltlån – spreining av låneopptak

Forvaltninga leggast opp i høve til følgjande;

- a) Låneportefølja skal bestå av færrest mogleg lån, likevel slik at risikoen ved refinansiering ved ordinære låneforfall vert begrensa.
- b) Eit enkeltlån kan ikkje utgjere meir enn 25 % av kommunen si samla gjeldsportefølje.
- c) Under elles like tilhøve vil det være formålstenlig at kommunen fordelar låneopptaka på fleire lånegjevarar.

7.7 Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august rapportere på status for gjeldsforvaltninga. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang rapportere til kommunestyret med omsyn på utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

For gjeldsforvaltninga skal det rapporterast om følgjande:

- Samansetning av låneportefølja, inkl. långjevar, betingelsar og forfallstidspunkt for eventuelle fastrenteavtalar.
- Opptak av nye lån (inkl. avtalar om finansiell leasing) i førre tertial.

- Refinansiering av eldre lån i førre tertial.
- Rådmannen sine kommentarar knytta til endring i risikoeksponering, attståande rentebinding og rentebetingelsar i høve til kommunen sin økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt føreståande behov for finansiering/refinansiering.
- Rådmannen sin beskriving og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

8 Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

8.1 Formål

Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva har som formål å sikre ei langsiktig avkastning utan vesentlig finansiell risiko.

8.2 Investeringsrammer

Som langsiktige finansielle aktiva reknast ubundne fondsmidlar som ikkje er planlagt brukt dei næraste 4 åra. Åmli kommune legg ikkje opp til langsiktige plasseringar av langsiktige finansielle aktiva.

Dersom kommunen på eit framtidig tidspunkt har som mål å etablere forvaltning av langsiktige finansielle aktiva, vil dette finansreglementet bli oppjustert med nødvendig og tilstrekkelege rammer og retningslinjer for slik forvaltning. Det endra reglementet vil bli lagt fram for kommunestyret før oppstart av ei slik eventuell forvaltning.

8.3 Etiske retningslinjer

Dei etiske retningslinjene som til ei kvar tid er gjeldande for Statens Pensjonsfond Utland, skal vere retningsgjevande for Åmli kommune si etiske handtering av kapitalforvaltninga.

9 Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

9.1 Konstatering av avvik

Ved konstatering av avvik mellom faktisk finansforvaltning og rammene i finansreglementet, skal slikt avvik umiddelbart lukkast. Rådmannen vurderer om store, uforutsette avvik er av ein slik art at dei må rapporterast til kommunestyret utanom dei ordinære rapporteringstidspunkta.

9.2 Kvalitetssikring

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legg rammer for ei finansforvaltning som er i tråd med kommunelovas reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutiner for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Rådmannen vert pålagt ansvar for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finne stad ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtar nytt, endra finansreglement.

10 Vedlegg - Forklaring av enkelte ord og uttrykk

Finansinstrument

Obligasjonar, sertifikat, verdipapir, aksjar m.m.

Portefølje

Ei samling av ulike verdipapir.

Løpetid

Tida fram til eit verdipapir forfell til betaling.

Marknadsrenta

Marknadsrenta er omgrepet for den lånerenta staten betaler for sine lån. Det er etablert ei marknadsrente for statslån med ulike løpetider, for eksempel 3 mnd , 1 år ,3 år o.s.v. Når ein bruker omgrepet "variasjon i marknadsrenta" er det eit uttrykk for at statens lån endrast til eit høgare eller lågare nivå av ulike årsaker.

Aksjefond

Ei investering i aksjefond reduserer risikoen ved å vere i aksjemarknaden mykje i forhold til å vere i enkeltaksjar. Som ein konservativ investor bør ein unngå investeringar i dei mest spekulative aksjefonda. Det vert lagt vekt på å sørge for å oppnå risikospreing og når det gjeld plassering i aksjefond, d.v.s. at ein sprer beløpet på fond med forskjellig investeringsprofil. På den måten oppnår ein relativt brei eksponering i aksemarknaden.

Ansvarleg lånekapital

En spesiell type lån til en bank eller et annet selskap. Den ansvarlige lånekapital betraktes ofte som en mellomting mellom gjeld og egenkapital. Den forrentes og kan kreves betalt tilbake, men den har prioritet etter den øvrige gjeld og foran aksjekapitalen. Den ansvarlige lånekapital likestilles med egenkapital i en del tilfeller, for eksempel i banker, som er pålagt å holde egenkapitalen over et visst nivå.

Rentefølsomhet/ volatilitet

Rentefølsomheten til eit verdipapir viser den moglege endringa i verdien på verdipapiret ved endring med 1 prosentpoeng i marknadsrenta. Ein reknar og ut rentefølsomheten for heile portefølja. Dette kallast portefølja sin gjennomsnittlege rentefølsomhet.

Verdipapir med lang løpetid har stor rentefølsomhet og er utsett for store kurssvingningar ved endring i marknadsrenta. I tider med fallande rentenivå auker obligasjonens kursverdi og då mest for dei med lang løpetid.

Sertifikatlån

Eit sertifikatlån er eit kortsiktig lån med løpetid på inntil 12 månader. Lån med sertifikatvilkår er begrensa til sertifikatet si lengde, i motsetnad til vanlege fastrentelån. Det er i prisippet eit omsettelege gjeldspapir. Det ver ikkje betalt avdrag i løpetida for lånet og ved utløpsdato må låntakar anten nedbetale eller fornye avtalen. I Noreg er det vanleg for banker å tilby sertifikatlån med varighet 3,6,9 eller 12 månader.

Varighet/durasjon

Eit omgrep for løpetid der ein også tek omsyn til når obligasjonen har rente- og avdragsbetalingar, med andre ord når långjevar får tilbake delar av dei pengane han har lånt ut. Varigheten definerast som eit vegd gjennomsnittleg løpetid av alle betalingane av renter og avdrag.

Sertifikat

Eit sertifikat er rentebærande verdipapir med løpetid inntil 12 månader. Risikoen ved plassering i slike pair er avhengig av kven som legg ut slike lån. Likvidetsrisikoen er lågare enn særinnskot i bank. Andrehåndsomsetninga i sertifikat er låg, slik at kostnadane ved å gå inn og ut av sertifikat er høgare enn tilsvarande transaksjonar i pengemarknadsfond.

Obligasjonar

Obligasjonar er rentebærande verdipapir med løpetid over 1 år. Risikoen ved plassering i slike papir er avhengig av kven som legg ut slike lån. Låntakers soliditet, obligasjonens durasjon, samt likviditeten i det enkelte papir avgjer risikoen ved plassering i ein obligasjon. Når det generelle rentenivået går opp, går kursverdien på obligasjonar ned og motsatt når renta går ned.

Obligasjonsfond

Obligasjonsfond består av papir med ei gjennomsnittleg løpetid over eit år. I desse fonda vil kursutslaga vere større enn i pengemarknadsfonda ved endringar i rentenivået. Historiske data tilseier at avkastninga over tid vil vere høgare enn i pengemarknadsfonda.

Verdipapirfond

Forvaltningsselskap tilbyr andelar i verdipapirfond. Når ein plasserar i eit verdipapirfond vert ein andelseigar i fondet. Ein eig dermed ein del av ein større portefølje av verdipapir. For mindre og mellomstore investorar kan det vere vanskeleg å bygg opp ein portefølje av verdipapir med ein balansert risikoeksponering. Ein diversifisert portefølje reduserer risikoen som ligg i enkeltpapirer både m.h.t. kredittisiko, renterisiko og likviditetsisiko. Fond framstår difor som eit lønnsomt og trygt alternativ til bankinnskot og direkte investeringar i verdipapirmarknaden.

Fondsobligasjonar

Fondsobligasjonar er obligasjonar som ikke har noen fast forfall. Generelt kan obligasjonene ikke innløses når som helst, men generering av en avkastning skriver så lenge bindingen blir holdt. Som med alle obligasjonslån, er det mulig for en investor å selge en fondsobligasjon som han eller hun ønsker å gjøre det, overføring av alle rettigheter til fremtidige overskudd til den nye eier.

Grunnfondsbevis/eigenkapitalbevis

Grunnfondsbevis, [verdipapir](#) som utstedes av [sparebanker](#) for å hente inn ny [kapital](#) til bankens [grunnfond](#). Grunnfondsbevisene representerer et [innskudd](#) i grunnfondet, og det kan utdeles årlige [renter](#) av bankens overskudd, omtrent som det utdeles [utbytte](#) på [aksjer](#). Grunnfondsbevis er omsettelige og kan [børsnoteres](#), og regler for beskatning og så videre er som for aksjer. Ordningen med grunnfondsbevis ble innført ved lovendring 1987 for å bedre kapitaltilførselen til sparebankene. Grunnfondsbevisene gir ingen direkte styringsrett, men eiere av slike bevis velger 1/4 av bankens forstanderskap.

Finansiell leasing

Ved finansielle låneprodukt som leasing og lån står låntakar sjølv som eigar av utstyret, og må bokføre investeringane i eigen balanse og må administrere alle kostnader og avskrivningar knytt til utstyret.

Operasjonell leasing

Ved operasjonell leie vert verdien av utstyret holdt utanfor balansen i rekneskapen, og leigekostnadane vert bokført som direkte kostnader knytta til utsyret.

BIS-vekting

Eit system for å måle kredittverdigheten til ulike finansinstitusjonar og dermed risikoen ved eksempelvis plassering av midlar i desse. Dess høgare vekting dess høgare risiko.

Investement grade = kredittverdigheten

Derivat

Derivat er eit finansielt instrument med alle tre følgjande kjenneteikn:

- Verdien endrast som eit resultat av endringar i angitt rente, kurs råvarepris, eller pris, rente aksjeindeks eller anna underliggjande variabel.
- Det skal gjerast opp på eit framtidig tidspunkt. Oppgjeret kan vere i form av kontantar eller eit eller fleire andre finansielle instrument.

- Det krevast ingen eller liten utbetaling på avtaletidspunktet .

Eksemplar på derivat:

-opsjon

-Rente-og valutabytteavtalar

-terminkontraktar

-framtidige rentebytteavtaler

Osب.

FRA

Framtidig renteavtale (forward rate agreement) der to parter avtalar å låse rentesatsen på eit framtidig innlån eller utlån for ei gitt periode.

SWAP-kontrakt

Avtale mellom to partar om å bytte framtidige kontantstrømmar. Avtalen vil ofte vere slik at den eine parten mottek ein på førehand avtala rentesats («Fast rente») over heile hovudstolens løpetid, medan den andre mottek den til ei kvar tid gjeldande marknadsre